

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 20.01.15 kl.19.00-21.30.

Til stades: Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde, Arne Bergstø, Knut Haugen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Marta Bergstø.

Den nye kasseraren for Bygdelaget, Gunnar Dalseth, var saman med oss i byrjinga før me gjekk over til styremøtesaker. Han gav oss ei kort orientering, stilte nokon spørsmål ang kasserarjobben og sa korleis han ynskjer å samarbeida med styret.

Sak 1. Godkjenning av referat frå sist styremøte 09.12.15. Ingen merknader.

Sak 2. Oppsummering av basaren 5.juledag.

Med ca 100 frammøtte og ei fortjeneste på kr.48.832, er me storfornøgde !!!

Sak.3. Gjennomgang av møte med andre organisasjonar, og oppsett av ny årskalendar.

Referat frå ope møte vart opplest. Me er glade for bra deltaking og for dei kreative innspelane me fekk frå dei frammøtte. Årsplan er under utarbeiding.

Sak 4. Oversikt over styremedlemmer som går ut og dei som held fram i Herand Bygdelag og Omsorgsbustader. Informasjon til valkomitèen.

Skrivar snakkar med, og sender eit oppsett til leiar i valkomitèen.

Sak 5. Igangsetting med utskifting av glasa i kjellaretasjen. Godkjenning av tilbod.

Tilbodet som er innhenta frå Bygger'n Jondal, vart einstemmig vedteke. Me søkjer om midlar til nye glas samstundes som me søkjer om hjelp til finansiering av nytt kjøken.

Sak 6. Utforming av søknad om tilskot til rehabilitering av kjellaretasje.

Kjøkegrupper får fullmakt til å utarbeida søknad og koma med eit kostnadsoverslag til neste styremøte.

Sak 7. Eventuelet:

- Herand Omsorgsboligar vel heretter berre kalla inn styret i Herand Bygdelag til generalforsamling.

- Forlenging av leigeavtale med Silvio Eckel. Godkjent.

- Gamal FAU konto i barnehagen, kva gjer me med den?

Bygdelaget ynskjer at pengane skal gå til uteområdet ved Herand Kulturhus.

- Hjartestartar: Brev frå Jondal Kommune om at dei vil setja opp hjartestartarar rundt omkring i bygdene, og om me vil samarbeida om kurs.

I svaret skriv Bygdelaget at me er takksame for initiativet, og stiller gymsalen til disposisjon for kurs ved nærare avtalt tidspunkt.

Marta Bergstø. (Skrivar).

Årsplan for Herand Bygdelag finn de på www.herand.no